



BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref:
13/01630-2

Saksbehandlar:
Ane Gjerde

Dato:
11. desember 2013

Høring - forslag til endringar i forskrift om fosterheim

Barneombodet vil gjerne få takke for høvet til å kome med innspel til høyringsnotatet om forslag til endringar i forskrift om fosterheim.

Samandrag

Barneombodet meiner det er på høg tid at kvaliteten på tilsynet med barn i fosterheim blir betre. Vi er likevel ikkje samde i ordninga departementet skisserer. Vi støttar ikkje at kommunen skal overta tilsynet, og at barn ikkje lenger skal ha ein eigen tilsynsperson. Barneombodet ber departementet om å greie betre ut kva for ei ordning som kan gi barna eit kvalitativt godt tilsyn.

Om Barneombodet og dette høyringssvaret

Barneombodet har ein eigen lov og instruks som seier at vi skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følge opp FN's barnekonvensjon.

Barnekonvensjonen sin artikkel 3 understrekar at kva som er til det beste for barnet skal vere grunnleggjande ved alle handlingar som vedgår barn. Artikkel 12 understrekar at barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal leggjast vekt på.

Vi er samde i at tilsynet i fosterheim i dag ikkje tek vare på rettstryggleiken til barna, og at det er viktig å få eit godt fungerande system på plass. Det er bra at departementet ønskjer å styrke tilsynet, og blant anna stiller tydelegere krav til innhaldet i tilsynet. Det er på høg tid at kvaliteten i tilsynet blir betre.

Barneombodet er klar over at det allereie er vedtatt at kommunen skal ta over ansvaret for tilsynet. Trass i det har vi valt å kommentere kvifor vi ikkje støtta lovendringa som blei vedtatt for å minne på og greie ut om våre meiningar om saka. Dette kan og vere med på å synleggjere mulege fallgruver når kommunane tek over ansvaret for tilsynet.

Vi er ikkje samde i ordninga departementet skisserer for å styrke tilsynet, og vi trur ikkje ho vil føre til nokon reelle betringar for barna. Tvert i mot meiner vi det er fare for at rettstryggleiken til barna blir svekka med forslaget som blir skissert. Vi vil utdjupe det under merknadane våre. Vi har valt ikkje å kommentere dei forslaga vi er samde i.

Merknader til 2.2. Kommunen sitt ansvar for å føre tilsyn

Kommunen tar over ansvaret

Endringane i barnevernlova § 4-22 gir kommunen, og ikkje barnevernstenesta, ansvaret for tilsynet. Kommunen skal føre tilsyn med at barnet får forsvarleg omsorg i fosterheimen, og at føresetnadane som ble lagt til grunn ved plasseringa blir følgt opp.

Barneombodet er skeptiske til at kommunen tar over ansvaret for tilsynet. For det første synleggjer ikkje forskrifta kven i kommunen som skal ha ansvar for tilsynet. Erfaringar med andre tenester for barn i kommunen tilseier at det er nødvendig at ansvaret blir forankra hos ein gitt instans slik at ikkje usemje om kven som skal ta på seg ansvaret fører til at barnet ikkje får tenesta det har krav på.

I dag eksisterer det store variasjonar i korleis kommunane prioriterer tenester for barn. Vi er bekymra for at forslaget medfører ulik praksis i kommunane, og at mange barn framleis ikkje vil få det tilsynet dei har krav på.

Det er også viktig at ansvaret for oppfølging og kontroll med fosterheimen ikkje vatnast ut. Ansvarsfordelinga som forslaget inneber kan lett føre til at barnevernstenesta mister kontroll med korleis barnet har det i fosterheimen.

Barneombodet støttar ikkje forslaget om at kommunen skal overta ansvaret for tilsynet.

Nærare om organiseringa av tilsynet

Lovendringa gir kommunen større fleksibilitet med omsyn til korleis tilsynet skal organiserast administrativt. Kommunen kan velje å leggje ansvaret for å gjennomføre tilsynsbesøka til ein av dei andre tenestene i kommunen, for eksempel til den kommunale helse- og omsorgstenesta. Forslaget opnar også for at kommunen kan velje å nytte seg av eksterne aktørar til å gjennomføre tilsynsbesøka.

Vi ser ikkje helt kvifor tilsynet med barn i fosterheim skal bli betre av å flytte ansvaret og kostnadane frå ein instans til ein annan. Vi stiller oss undrande til kvifor til eksempel helse- og omsorgsetaten skal være betre egna til å utføre tilsynet enn barnevernet. Her er det viktig å presisere at barnevernstenesta har særskilt kompetanse til å vurdere om barn får forsvarleg omsorg.

Vi er bekymra for at kommunane si moglegheit til å vere fleksible og velje korleis ordninga skal vere får tyngre vekt enn dei individuelle rettane til barnet.

Departementet skriv at dei ønskjer at tilsynet skal leggjast til ein instans som er uavhengig frå barnevernstenesta. Viss ein ønskjer dette, meiner vi det er uheldig å leggje tilsynet til

kommunen. Barnevernet er ei kommunal teneste. Det kan få uheldige ringverknadar at kommunen skal føre tilsyn med ei av sine egne tenestar. Vi ser at kommunar vil kunne kome i konfliktar med krava i lova når dei sjølv skal føre tilsyn med ei teneste dei har ansvar for. Vi synest at departementet burde ha gjort grundigare greie for kvifor ein då meiner Fylkesmannen ikkje er rette instans.

Barneombodet støttar ikkje forslaget om at kommunane sjølv skal velje kva for ein instans som skal føre tilsyn.

Tilsynsførar

I tillegg til at kommunane får større fridom til å organisere tilsynsarbeidet, blir det heller ikkje lenger stilt krav om at det skal peikast ut ein bestemt tilsynsførar til det enkelte barnet.

Barneombodet meiner at det å leggje sjølve utføringa av tilsynet med barn i fosterheim til ei teneste og ikkje ein person, kan medføre manglande kontinuitet og tryggleik for barnet.

Barn i barnevernet fortel oss at dei ønskjer at personar dei er i kontakt med er der over tid, og at det å stadig bli kjent med nye personar er krevjande. Vi er bekymra for at det blir meir av dette viss det er ein instans og ikkje ein tilsynsførar som skal ha ansvar for tilsynet.

Departementet skriv at forslaget om å leggje tilsynet til ein instans, og at barnet ikkje lenger skal få ein eigen tilsynsførar, må sjåast i samanheng med eit anna forslag til endring i barnevernlova som er vedtatt: nemleg forslaget om tillitsperson. Endringa som er vedtatt i barnevernlova om tillitsperson inneber at barn som er under omsorg av barnevernet skal få høve til å ha med seg ein person barnet har særleg tillit til i møter med barnevernet. Tillitspersonen vil kunne gi barnet større tryggleik i møte med barnevernet. Regelen gjeld for barn som er under omsorg av barnevernet, og ikkje barn som er frivillig plassert.

Vi meiner at det at barnet har ein tillitsperson ikkje er eit godt nok argument for å avvikle tilsynsførarordninga. Her er det eit viktig moment at dei barna som er frivillig plassert ikkje har ein tillitsperson. Slik vi ser det, vil dessutan tillitspersonen ha ein annan funksjon enn det dei som fører tilsynet skal ha.

Departementet bør greie ut korleis ein kan styrkje ordninga vi har i dag. Ein bør kunne stille dei same krava til å styrkje kvaliteten og innhaldet i tilsynet utan at ordninga endrast. Departementet bør også sjå nærare på om det kan styrkje rettstryggleiken til barna å knytte ordninga nærare til Fylkesmannen.

Barneombodet støttar ikkje at kvart enkelt barn ikkje lenger skal ha ein bestemt tilsynsførar.

Merknader til 2.5 Informasjon til barnet om tilsynet

Reglane i dag seier at barnet skal få høve til å uttale seg før tilsynsførar blir valt, sjå forskrifta § 8 femte ledd. Departementet skriv at regelen har samanheng med at barnet i dag skal ha ein tilsynsførar som har særlege føresetnadar for å utføre tilsynsoppgåva overfor det enkelte barnet. Departementet foreslår derfor at dagens § 8 femte ledd utgår.

Dei grunnjer dette også med at det har kome ei lovending i barnevernlova § 4-1 nytt andre ledd, der det blir presisert at barnet skal få moglegheit til medverknad. Departementet meiner føresegna vil ivareta barnet si rett til medverknad. Departementet skriv også at omsynet til barnet taler klart for at barnet, når fosterheim er godkjend, så langt som mogleg blir orientert om kven som skal føre tilsynet – ikkje berre kva for ei teneste i kommunen som har ansvaret. Departementet foreslår at dette blir tatt inn i forskrifta § 8 sjette ledd.»

Barneombodet meiner at det ovannemnte forslaget svekker moglegheita for barnet til å medverke. Å bli orientert om kven som skal utføre tilsynet er noko heilt anna enn å medverke og uttale seg før det blir valt tilsynsførar.

Barneombodet støttar ikkje at barnet ikkje skal uttale seg før det blir bestemt kven som skal utføre tilsynet.

Merknader til 2.7 Nærare om utføringa av tilsynet

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at det skal leggjast til rette for at barnet skal ta opp eventuelle problem utan at fosterforeldra er til stade under tilsynsbesøket.

Vi har fått tilbakemeldingar frå barn i fosterheim om at det kan variere i kor stor grad dette blir gjort. Vi oppmodar departementet til å endre regelen til at det som hovudregel alltid skal bli sett av tid til å snakke med barnet aleine under tilsynsbesøket, med mindre det taler mot det beste for barnet.

Departementet har ikkje tatt omsyn til høyringsinstansane sitt syn på forslaget:

Når lovendinga om å gi kommunen, og ikkje barnevernstenesta, ansvaret for tilsynet, var mange høyringsinstansar kritiske til forslaget. Vi kan ikkje sjå at departementet har tatt omsyn til at eit bredt fagmiljø meiner at ordninga som blir foreslått ikkje er god nok. Vi vil derfor avslutningsvis trekke ut dei merknadane til høyringsinstansane¹ som vi framleis meiner er høgst relevante. Vi støttar alle merknadane vi trekker fram her:

Barnevernsproffene:

«Vi ber om at alt tilsynet i barnevernet legges til Fylkesmannen. Vi mener at det er viktig for at det ikke skal bli slik at kommunen fører tilsyn med seg selv. Vi tror også det lett blir for tette bånd mellom barnevernstjenesten og tilsynet dersom tilsynet blir lagt til kommunen.»

Høgskolen i Oslo og Akershus:

«Vi støtter derfor forslaget om å profesjonalisere tilsynsordningen. Oppdraget bør utføres av en person med barnefaglig kompetanse og med tilstrekkelig autoritet til å bli hørt i barneverntjenesten. Det er videre viktig at tilsynsfører sikres opplæring og

¹<http://www.regjeringein.no/nb/dep/bld/dok/hoyringar/hoeringsdok/2012/eindringer-i-barnevernlovein-eindringer-i-barnevernlovein.html?id=699340>

faglig tilhørighet, og at arbeidet kvalitetssikres. Det er også viktig at tilsynsordningen er tydelig institusjonelt forankret, i likhet med andre offentlige tilsynsordninger. Vi stiller oss skeptiske til forslaget om å overføre ansvaret for tilsynet til en annen instans i kommunen og at kommunene har frihet til å finne løsninger. Dette vil neppe sikre at ordningen er god nok, eller at problemene med nåværende ordning som skisseres i høringsnotatet løses. Viser en forankring hos fylkesmann/Statens Helsetilsyn som en bedre løsning, noe som kan sikre ordningens faglige kvalitet og autoritet»

Fylkesmannen i Rogaland:

«Vidare er det viktig å utarbeide ein tilsynsmetodikk og gi tilsynsførarar tilstrekkeleg opplæring. Det bør vurderast å stille meir konkrete kompetansekrav, t.d. at ein i utgangspunktet krev treårig relevant høgskoleutdanning for dei som skal vere tilsynsførarar. Det kan då ev. gjerast unntak for personar som t.d. kjenner barnet og har personlege eigenskapar eller erfaringar som gjer dei eigna til oppdraget. Fylkesmannen er usikker på om desse tiltaka i tilstrekkeleg grad vil styrkje tilsynet og tilsynets legitimitet. Det bør derfor utgreiast grundigare kor tilsynsansvaret skal plasserast, mellom anna bør det vurderast om tilsynet bør leggjast til Helsetilsynet, og gjennomførast av Fylkesmannen»

Fylkesmannen i Nordland:

«Fylkesmannen ser imidlertid ikke hvordan et generelt kommunalt forankret ansvar for tilsyn med barn i fosterhjem er et bedre virkemiddel for å ivareta rettssikkerheten til disse barna. Forslaget kan føre til uklare ansvarsforhold, noe som kan gjøre det vanskeligere å få oversikt over kommunens tilsyn med barn i fosterhjem. Dermed vil det bli vanskelig å vurdere effekten av endringen. En av hensiktene med forslaget er å profesjonalisere tilsynsføreroppdraget. Fylkesmannen kan vanskelig se at å legge denne oppgaven til kommunene generelt vil oppfylle hensikten, all den tid det er barneverntjenesten som har kompetanse til å vurdere barns omsorgssituasjon»

Volda barneverntjeneste:

«Vi trur barnet sin rettsikkerheit er mest trygga ved at ein ikkje-kommunal instans har dette ansvaret, og ser for oss at ordninga som vert foreslått fører til risiko for ulik praksis i kommunene. er for seg at ordninga som vert foreslått fører til ulik praksis i kommunene»

Fylkesmannen i Troms:

«Dette er det området hvor det etter vårt skjønn, er størst fare for svikt mht. å følge opp barna, både fra barneverntjenesten og fra tilsynsførere. Departementets forslag medfører etter vår mening ingen radikale tiltak som endrer vesentlig på oppfølging og kontrollfunksjonen for fosterhjemsbarna. Det er positivt at man tenker økt

profesjonalisering av tilsynsførerfunksjonen. Samtidig kan vi ikke se at det foreslås hvordan denne profesjonaliseringen skal realiseres gjennom spesielle opplæringsprogrammer og evt. sertifisering av tilsynsførere. Statens helsetilsyn skriver at mange av dagens utfordringer med tilsynsførerordningen vil være de samme med forslaget om et kommunalt forankret tilsynsansvar, og intensjonen om økt rettsikkerhet for barn i fosterheim vil ikke bli ivaretatt»

Kristiansand kommune:

«Det er interessant å stille spørsmål ved hvilke andre tjenester/organ i en kommune som vil kunne inneha den samme kompetansen som barneverntjenesten har. Dersom kommunene selv skal gis en valgfrihet i forhold til utvelgelse av tilsynsorgan, vil dette kunne skape store variasjoner mellom kommunene med tanke på hvem som utfører tilsynet og hvordan tilsynet fungerer. Dette vil videre kunne medføre ulikheter i forhold til oppfølging det enkelte fosterbarn får»

Redd Barna:

«Redd Barna mener det er positivt at departementet går inn for en alternativ organisering og profesjonalisering av tilsynet, men mener at forslaget om å flytte tilsynsansvaret fra barneverntjenesten over på kommunen ikke kommer til å løse utfordringene og problemene med dagens tilsynsførerordning. Vi har vanskelig for å se at departementets forslag med bare å flytte ansvaret til en annen instans vil bidra til å løse problemene med rekruttering, stabilitet og profesjonalitet.

Vi savner en redegjørelse for begrunnelsen på dette punktet, men merker oss at departementet antar at denne løsningen vil løse rekrutteringsproblemet. Slik vi ser det er det fremdeles et stort spørsmål hvor kommunene skal rekruttere fra, og kvalitetssikringen av tilsynsførere. Vi ser det som en utfordring at kvaliteten på tilsynsordningen vil variere mye fra kommune til kommune, slik at det er avhengig av hvor i landet et barn blir plassert om dets rettsikkerhet er godt nok ivaretatt. Redd Barna mener at forslagene ikke går langt nok for å få den modellen, som departementet mener trengs, for å styrke barns rettsikkerhet i disse sakene.»

Landsforeningen for barnevernsbarn:

«Vi ser at Departementets intensjon med å flytte ansvaret for tilsynet fra barneverntjenesten til kommunen er at flere barn skal få tilsyn. Vi er imidlertid skeptiske til at til kommunene selv skal få mer ansvar i forholdt til tilsyn i fosterhjem dersom ordlyden i lov og forskrift ikke presiserer hvilken type tilsyn som skal føres. Barna i barnevernet har sagt gang på gang at det er viktig for dem å ha tillit til en person for å kunne fortelle om ting som ikke er bra. Vi ønsker derfor at det presiseres at barnet skal ha samme tilsynsfører over tid. Videre bør det settes som krav at barnet har godkjent valget av tilsynsfører og uttrykker eksplisitt at han/hun har tillitt til vedkommende. Tilsynet bør ligge til en nøytral part som selv verken vil "tape" eller "vinne" noe på utfallet av tilsynet»

Fellesorganisasjonen:

«FO er enig i at det er viktig å profesjonalisere tilsynet av fosterhjem. Vi er imidlertid ikke sikre på om virkemidlene som foreslås vil føre til dette. Vi mener likevel at det finnes gode enkeltforslag, men er usikker på om ordningen som skisseres vil endre noe av dagens ordning. Vi ser at det kan være en stor fare for at forslaget fører til at det blir en videreføring av dagens praksis»

Barneombudet vil til slutt be departementet greie bedre ut kva for ei ordning som kan gi barna eit kvalitativt godt tilsyn.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Ane Gjerde
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.